



Magne Vatland med boka til Don Richardson

Den 5 dagar lange Misjonsveka til Misjonsambandet i Bedehuset blir avslutta

med nattverdmøte i morgon føremiddag.

I ettermiddag har vel 40 vore til stades på miisjonsstemnet og som dei føregående dagane har Indonesia vore i fokus.

**Misjonær og forkynnar**

**Magne Vatland** har brei erfaring frå denne delen av verda etter å ha vore i teneste der frå 2003 til 2010.



Tormod Myklebust (til venstre) leia stemnet og Gunnar Kjærland opna det.

Då var han, som er frå Sokndal men bur på Nærbø, stasjonert i byen Medan på Nord-Sumatra saman med 2 andre norske misjonærfamiliar. I Bedehuset fortalde han imidlertid gripande om den store innsatsen den kanadiske misjonæren Don Richardson gjorde frå 1960-talet på det vestlige NewGuinea

Richardson svara på spørsmålet 'Korleis fortelja kannibalar om kjærleik?' med å visa til den kristne budskapet og korleis Gud ofra sin einaste son. No er det slutt med kannibalismen også i dette området.

Under stemnet i ettermiddag var det tidlegare misjonær Gunnar Kjærland som opna med å lesa og visa til misjonsbefalinga.

Reodun og Øystein Hitland, som bur på Sunde, song. Han har vorte områdearbeidar i Misjonssambandet.

Tormod Myklebust leia programmet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Rundt 40 var på misjonsstemnet